



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2015 Kontrollutvalet



## **Innhald**

1	Innleiring .....	3
2	Samansetting av kontrollutvalet .....	3
2.1	Kontrollutvalet 2011 - 2015 .....	3
2.2	Kontrollutvalet 2015 – 2019 .....	4
3	Kontrollutvalet sitt formål .....	4
4	Budsjett og rekneskap .....	5
5	Revisjon av fylkeskommunen .....	5
6	Sekretariat for kontrollutvalet .....	5
7	Kontrollutvalet si verksemd 2015 .....	5
7.1	Møteverksemd .....	5
7.2	Fylkestingsaker frå kontrollutvalet .....	6
7.3	Andre saker som kontrollutvalet handsama i 2015 .....	6
7.3.1	Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2015 .....	6
7.3.2	Kjøp av forvaltningsrevisjon – rammeavtale .....	6
7.3.3	Selskapskontroll .....	7
7.3.4	Forvaltningsrevisjon – Gjennomføring av prosjekt .....	7
7.3.5	Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt .....	8
7.3.6	Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2014 .....	9
7.3.7	Kontrollutvalet - Budsjett 2016/Økonomiplan 2016 – 2019 .....	10
7.3.8	Fylkesmannen – Tilsyn om forvaltningskompetanse – Stryn vgs .....	10
7.3.9	Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2014 til desisjon .....	10
7.3.10	Revisorbrev 02/2015 .....	10
7.3.11	Reglement for kontrollutvalet .....	10
7.3.12	Vurdering av uavhengigheit .....	10
7.3.13	Oppfølging av utvalet sitt arbeid .....	10
8	Andre forhold .....	11
9	Oppsummering .....	11

# **1 Innleiing**

Kontrollutvalet fører tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er kontrollutvalet sine sentrale oppgåver.

Kontrollutvalet har i 2015 fortsatt hatt fokus på det gode samarbeidet med våre nabofylke sine kontrollutval.

Medlemmane i utvalet deltok dette året på konferansar arrangert av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). Dette er, i tillegg til å vere kompetansebyggingsarenaer, viktige møteplassar for kontrollutvalsmedlemmer der vi møter kollegaer frå heile landet.

# **2 Samansetting av kontrollutvalet**

Kommunelova (KL) kapittel 12 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Fylkestinget har det øvste tilsynsansvaret med fylkeskommunen, og vel eit kontrollutval til å føre det daglege tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr. KL § 77.

## **2.1 Kontrollutvalet 2011 - 2015**

For perioden 2011 – 2015 var kontrollutvalet samansett slik:

Leiar:	Arve Mjømen (H)*
Nestleiar:	Per Rune Vereide (Sp)
Medlemmar:	Kari Maria Rutle Fjærstad (Ap) Turid Vassliås Borgund (Frp) Kåre Jarl Langeland (V)

\*medlem i fylkestinget

Det vart ved fylkestingsvalet 2011 vedteke at kontrollutvalet skulle ha partivise varamedlemer.

Varamedlemer 2011 - 2015:

	<b>Høgre</b>	<b>Senterpartiet</b>	<b>Arbeiderpartiet</b>	<b>Framstegspartiet</b>	<b>Venstre</b>
1	Kari Vikane	Geir Helge Østerbø	Jan Inge Buene	Ørjan Tystad	Elisabeth Normann Leversund
2	Berit Seljeseth Osa	Marit Aafedt Fjærstad	Margunn Masdal	Bjørg Sølv Refvik	
3	Jostein R. Huneide	Iris Loftheim	Anne Marit Oppedal	Arve Glomnes	Jon Ove Lomheim

## **2.2 Kontrollutvalet 2015 – 2019**

For perioden 2015 – 2019 er det valt eit kontrollutval som er samansett slik:

Leiar:	Frank Willy Djuvik (Frp)*
Nestleiar:	Odd Atle Stegegjerdet (Ap)*
Medlemmar:	Jorunn Ringstad (Sp)
	Lise-May Sæle (H)
	Klaus Iversen (V)

\*medlem i fylkestinget

Varamedlemer:

1. vara: Frode Bøthun (Krf)
2. vara: Liv B. Stave (H)
3. vara: Eli Hansen Moen (Ap)
4. vara: Anne Britt Øen Nygård (Sp)
5. vara: Kåre Jarl Langeland (V)
6. vara: Carlo Aall (Mdg)
7. vara: Ole Erik Thingnes (SV)

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 47/15 at første vara møter fast i kontrollutvalet sine møte 2015 – 2019. Det vart teke etterhald om budsjettmessige tilpassingar i vedtaket.

I det politiske organisasjonskartet er kontrollutvalet direkte underlagt fylkestinget. Dette medfører at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre fylkeskommunale politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre fylkestinget som kan instruere kontrollutvalet.

## **3 Kontrollutvalet sitt formål**

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Utvalet skal også sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid bidra til at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at fylkeskommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt fylkestinget sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal stå fram som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre fylkestinget som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

Kontrollutvalet har eit overordna mål om at kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal bidra til å sikre fylkeskommunen ein best mogeleg forvaltning av ressursane, til føremon for fellesskapet og enkeltmennesket.

## **4 Budsjett og rekneskap**

Kontrollutvalet sitt reviderte budsjett for 2014 var på 4,153 mill. kroner, fordelt på kontrollutvalet, sekretariat og kjøp av revisjonstenester.

Budsjettoppfølging har vore utført per tertial.

Rekneskap for 2015 viser eit forbruk på 4,102 mill. kroner, som er eit mindreforbruk på 0,051 mill. kroner.

Mindreforbruket gjeld tilbakebetaling frå SF revisjon IKS på kr. 0,049 mill kroner.

## **5 Revisjon av fylkeskommunen**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtale med to revisjonsfirma. Finansiell revisjon og selskapskontroll vert utført av SF revisjon IKS. Dette er regulert i selskapsavtalen til SF revisjon IKS.

Til å gjennomføre forvaltningsrevisjon har fylkeskommunen rammeavtale med Deloitte AS. Fylkeskommunen nyttar seg av opsjonen for to år og ny avtale gjeld fram til 31. mai 2017.

## **6 Sekretariat for kontrollutvalet**

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har tilfredsstillande sekretariatbistand. Sekretariatet har i 2015, som dei føregåande åra, bestått av ein person i heil stilling. Organisatorisk er sekretariatet (kontrollsjefen) direkte plassert under kontrollutvalet, og det medfører at kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvaret. Organiseringa sikrar uavhengigheit til den administrative leiinga av fylkeskommunen, som er gjenstand for kontroll og tilsyn av kontrollutvalet. Organiseringa sikrar i tillegg uavhengigheit til selskapa som reviderer fylkeskommunen.

## **7 Kontrollutvalet si verksemd 2015**

### **7.1 Møteverksemd**

Kontrollutvalet gjennomførde 9 møte i 2015. 8 av møta var sett opp i møtekalendaren. Møtet 12. april vart gjennomført som telefonmøte. Fem av møta vart avvikla på fylkeshuset. Dei øvrige møta var stort sett gjennomført i samband med at kontrollutvalet besøkte vidaregåande skular og kommunar rundt i fylket. Kontrollutvalet handsama 56 saker i 2015.

Medlemmane i utvalet, fylkesordførar og fylkesrådmann får tilsendt møteinnkalling og alle sakspapir til møta i kontrollutvalet via OneNote. Revisorane får tilsendt innkalling via e-post. Sakspapir og møteprotokoll vert lagt ut på heimesida til fylkeskommunen. Dette gjeld ikkje for saker som er unntake offentleg innsyn.

Leiar i kontrollutvalet var medlem av fylkestinget i førre periode. Leiar og nestleiar er fylkestingsmedlemar denne perioden. Øvrige medlemmar av kontrollutvalet stilte i førre periode på fylkestinget når kontrollutvalet sine saker vart handsama, og i 2015 var oppmøtet slik:

10. april	Vereide, Fjærstad og Borgund
16. – 17. juni	Vereide, Fjærstad og Borgund
13. oktober	Vereide, Fjærstad og Borgund

Kontrollutvalsmedlemane som ikkje er medlemar i fylkestinget stiller heller ikkje på fylkestinget i perioden 2015 - 2019. Dette følger av fylkestinget sitt vedtak i sak 39/14.

## 7.2 Fylkestingsaker frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet fremja ti saker til handsaming i fylkestinget i 2015. Fire av sakene var rapportar etter gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt:

- Forvaltningsrevisjon «Samhandling og prosjektstyring» (FT-sak 2/15)
- Forvaltningsrevisjon «Fylkesarkivet» (FT-sak 3/15)
- Forvaltningsrevisjon «Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport» (FT-sak 13/15)
- Forvaltningsrevisjon «Læringsmiljø og PP-tenesta» (FT-sak 30/15)

To av sakene var rapportar etter gjennomførde selskapskontroller:

- Selskapskontroll «Forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS» (FT-sak 1/15)
- Selskapskontroll «Informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og fylkeskommunen» (FT-sak 31/15)

Dei andre sakene som utvalet la fram for fylkestinget var forlenging av rammeavtalen med Deloitte AS om kjøp av forvaltningsrevisjon. Avtalen vart forlenga i to år, og gjeld fram til 31. mai 2017. Ut over dette fremja utvalet sak om desisjon av møtebøker for fylkesutvalet og hovudutvala, reglement for kontrollutvalet i tillegg til utvalet si årsmelding.

## 7.3 Andre saker som kontrollutvalet handsama i 2015

### 7.3.1 Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2015

Bestillingsdokumentet med bestilling av finansiell revisjon og selskapskontroll vart handsama og vedteke på kontrollutvalsmøte i KU- sak 5/15. Bestillingsdokumentet vart sendt til SF revisjon IKS.

### 7.3.2 Kjøp av forvaltningsrevisjon – rammeavtale

Forlenging av rammeavtalen om kjøp av forvaltningsrevisjonstjenester med Deloitte AS med utløpsdato 31.5.2015 vart handsama i KU-sak 6/15. Utvalet kom med tilråding til fylkestinget om å gjere bruk av opsjonen om forlenging av avtalen i 2 år. Fylkestinget vedtok i FT-sak 8/15 å forlenge avtalen til 31.5.2017.

### **7.3.3 Selskapskontroll**

#### **7.3.3.1 Selskapskontroll 2014 – Forvaltningsrevision F1 Holding AS – rapport**

Prosjektet vart starta opp i 2014. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vart motteken 14. mars 2015. Rapporten vart lagt fram for kontrollutvalet i KU-sak 10/15, der utvalet vedtok ei tilråding til fylkestinget i fire punkt. Fylkestinget vedtok i FT-sak 1/15 at fylkesutvalet utøver den reelle eigarskapen i F1 Holding AS, og slutta seg til fylkesrådmannen sine vurderingar om eigarstyringa i F1 Holding. Utover dette vedtok fylkestinget mellom anna pålegg til selskapet om å utarbeide ein instruks som tek i vare kontrollfunksjonane i selskapet i tillegg til å følgje opp tilrådingane i rapporten frå SF revisjon IKS med unntak av kulepunkt nr. 1.

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok 20. mai 2015 møtereferat frå styremøte i F1 Holding AS frå styreleiar og dagleg leiar i selskapet der alle punkt i fylkestinget sitt vedtak i FT-sak 1/2015 var oppfølgt.

#### **7.3.3.2 Selskapskontroll 2015**

Kontrollutvalsleiar kalla inn kontrollutvalet til telefonmøte 16. april 2015 for å drøfte det som var kome fram i tida før om informasjonsflyten mellom fylkeskommunen og Fjord1 AS i samband med fusjonsplanane mellom selskapene Fjord1 AS og Norled AS. Kontrollutvalet ba om å få eit saksnotat om saka til.

SF revisjon IKS utarbeidde eit notat om informasjonsflyten, som kontrollutvalet v/sekretariatet mottok 19. juni 2015. Utvalet handsama notatet 23. juni i KU-sak 31/15. Utvalet vedtok å be om ei ny sak til møte i august om vidare arbeid med problemstillinga, der eventuell høyring skulle vurderast.

I møte 26. august vart det gjennomført intervju med fylkesordførar, og kontrollutvalet vedtok å be revisor og kontrollsjef om gjennomføring av intervju av fylkesutvalsmedlemmane om informasjonsflyten.

Kontrollutvalet vedtok 1. oktober i KU-sak 39/15 ei tilråding til fylkestinget i tre punkt, der det spesielt vert peika på at det for framtida må sikrast gode nok rutinar slik at eigar gjennom fylkesutvalet har tilfredsstillande kunnskap til å utføre aktiv og god eigarskap. Kontrollutvalet rår også til at det vert lagt fram ei sak om endring av reglement for politiske utval som sikrar at vesentleg informasjon gitt i møte vert dokumentert. Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i FT-sak 31/15.

### **7.3.4 Forvaltningsrevisjon – Gjenomføring av prosjekt**

#### **7.3.4.1 Forvaltningsrevisjon – Samhandling og prosjektstyring – rapport**

Kontrollutvalet handsama rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av samhandling og prosjektstyring i KU-sak 11/15. Utvalet vedtok ei tilråding til fylkestinget i tre punkt.

Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i FT-sak 2/15 og ba fylkesrådmannen om å følgje opp tilrådingane i rapporten frå Deloitte.

#### **7.3.4.2 Forvaltningsrevisjon – Fylkesarkivet – rapport**

Rapporten, utarbeidde av Deloitte etter gjennomføring av forvaltningsrevisjon av fylkesarkivet, vart handsama av kontrollutvalet i KU-sak 12/15. Utvalet sendte rapporten vidare til fylkestinget med ei tilråding i to punkt. Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i FT-sak 3/15.

#### **7.3.4.3 Forvaltningsrevisjon – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport - rapport**

Kontrollutvalet handsama rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport i KU-sak 27/15. Kontrollutvalet vedtok ei tilråding til fylkestinget der rapporten vert teken til etterretning, og der fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i rapporten og melde tilbake status og plan for vidare oppfølging til kontrollutvalet innan utgangen av 2015. Saka vart sendt til fylkestingshandsaming, og fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i FT-sak 13/15.

#### **7.3.4.4 Forvaltningsrevisjon – Læringsmiljø og PP-tenesta - rapport**

Prosjektplanen vart vedteken i KU-sak 1/15 med ferdigstillingsdato 11. september 2015. Kontrollutvalet handsama rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt 1. oktober og vedtok i KU-sak 43/15 ei tilråding til fylkestinget som gjekk på å ta rapporten til etterretning i tillegg til å be fylkesrådmannen om å følgje opp tiltaka frå revisor i kapittel 7 i rapporten. Fylkestinget fekk rapporten til handsaming i FT-sak 30/15, der tilrådinga frå kontrollutvalet vart vedteken.

#### **7.3.4.5 Forvaltningsrevisjon - Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg**

Bestilling av prosjektet vart vedteken av kontrollutvalet i KU-sak 32/15, og prosjektplanen vart godkjent i KU-sak 40/15. Prosjektet skal vere ferdigstilt innan 1. april 2016.

### **7.3.5 Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt**

Ein del av oppfølgingspunktta i forvaltningsrevisjonsprosjekta er omfattande gjeremål som krev tid å få gjennomført. Det er kome på plass rutine for oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar mellom kontrollsjef og fylkesrådmann. Det er utarbeidd eit rekneark i samband med oppfølginga med oversikt over status på dei forskjellige prosjekta. Det er kontrollsjefen som er ansvarleg for oppdatering av reknearket, og det vert lagt fram for kontrollutvalet to gonger i året. I framkant av handsaming i kontrollutvalet vert status gjennomgått med fylkesrådmannen. I tillegg er det fokus på oppfølging av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt som har vore gjennomført.

I 2015 handsama kontrollutvalet oppfølging av 6 tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt.

#### **7.3.5.1 Forvaltningsrevisjon – bygge og eigedomstenesta – oppfølging av FT-sak 23/08**

Kontrollutvalet mottok hausten 2014 eit notat der ny organisering for driftspersonell var skissert og at den nye organiseringa skulle kome på plass innan utgangen av 2014. I møte med fylkesrådmannen i januar 2015 kom det fram at organiseringa var på plass. Budsjettmessig var omorganiseringa nemnt i budsjett 2015. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 2/15 at vedtaket i FT-sak 23/08 er ferdig oppfølgt.

#### **7.3.5.2 Forvaltningsrevisjon – Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar – oppfølging av vedtak 10.02.2015**

Kontrollutvalet mottok notat frå fylkesrådmannen datert 25. september 2014 med oppfølging av FT-vedtak 27/13. Fylkesrådmannen gjorde i notatet greie for omfattande arbeid i oppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapporten, men ikkje alle tilrådingane var ferdig oppfølgde. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 46/14 å be om ny oppfølgingsrapport innan 19. januar 2015.

Utvalet mottok nytt notat 20. januar 2015. Kontrollutvalet vedtok 10. februar i KU-sak 3/15 å ta notatet frå fylkesrådmannen til orientering. Vidare vedtok utvalet å be om ei orientering frå fylkesrådmannen når tilråding nr. 7 var ferdig oppfølgt.

### **7.3.5.3 Forvaltningsrevisjon 2009 - kompetanseprofil i fylkeskommunen - oppfølging**

Kontrollutvalet mottok statusrapport 22. april 2015, der fylkesrådmannen viser til at både Mo og Øyrane vgs og tannhelsetenesta har utvida arbeidet med utvikling av sine kompetansebudsjet og kompetanserekneskap. Tannhelse har i 2015 innført klinikkbudsjett for kompetansevedlikehald. Mo og Øyrane har utvida piloten til å gjelde heile skulen og har utarbeidd ein framdriftsplan for arbeidet. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 23/15 å vurdere fylkestingsvedtak i sak 18/10 til å vere ferdig oppfølgt.

### **7.3.5.4 Forvaltningsrevisjon - Tryggleik og beredskap - oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14**

Kontrollutvalet mottok oppfølgingsrapport frå fylkesrådmannen 10. februar 2015. Mange av tilrådingane var oppfølgde, men det stod noko igjen. Fylkesrådmannen ba i notatet om ny frist til utgangen av 2015 for ein del av tilrådingane. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 14/15 å be om ny oppfølgingsrapport innan 15. januar 2016. I tillegg ba utvalet om ei orientering om status i KU-møte 25. august 2015. Kontrollsjef orienterte 23. juni i KU-sak 30/15 om e-post frå assisterande fylkesrådmann, motteken 1. juni, der tidspunktet for kartlegging av kaier vert skyvd til 1. september.

Assisterande fylkesrådmann ba i orientering under KU-sak 38/15 om utsetting for utarbeiding av oversikt over kaianlegg i fylket. Det var ikkje mogeleg å få denne oversikta klar til 1. september. Vil kome tilbake til dato seinare. Det er ynskje frå ass. frm å få kontrollsjefen med i arbeidet med å sette opp ein plan for oppfølgingsarbeidet med dette prosjektet fram til neste møte i kontrollutvalet. Kontrollutvalet og kontrollsjefen peikar på viktigheita av å ivareta uavhengigkeit i arbeidet for kontrollorgana, men stiller seg positiv til initiativet.

### **7.3.5.5 Forvaltningsrevisjon 2010 - Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane - oppfølging av rapport**

Kontrollutvalet mottok notat frå fylkesrådmannen 10. juni 2015 der retningslinjer for byggerekneskap i fylkeskommunen, som fylkesutvalet vedtok i FU-sak 38/15, vart presenterte. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 33/15 å be om ny status på tilrådingane 2 - 5 innan utgangen av mars 2016.

### **7.3.5.6 Forvaltningsrevisjon - Tildeling og oppfølging av tilskot - oppfølging av tilrådingane**

Kontrollutvalet mottok brev frå administrasjonen 31. august med oppfølging av vedtaket i FT-sak 36/14. Fylkesrådmannen gjer i brevet greie for dei tiltak som er sette i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten frå Deloitte AS, der det mellom anna er vist til nye og oppdaterte sakhandsamingsrutinar. Kontrollutvalet vurderte i KU-sak 45/15 oppfølginga av forvaltningsrevisjonen til å vere fullført.

## **7.3.6 Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2014**

Kontrollutvalet ga i KU-sak 21/15 uttale til fylkestinget om årsrekneskapen 2014 på grunnlag av avgjort årsrekneskap, årsrapport frå fylkesrådmannen og revisjonsmelding frå SF revisjon IKS. Kontrollutvalet ga i uttalen positive signal til reduksjon av lånegjelda i 2014.

### **7.3.7 Kontrollutvalet - Budsjett 2016/Økonomiplan 2016 – 2019**

Kontrollutvalet behandla i KU-sak 34/15 budsjett for 410 Kontrollutval, som består av kontrollutvalet, sekretariatet og kjøp av revisjonstjenester. Framlegget til budsjett og økonomiplan vart sendt fylkesutvalet for innarbeidning i fylkeskommunen sitt budsjett.

### **7.3.8 Fylkesmannen – Tilsyn om forvaltningskompetanse – Stryn vgs**

Kontrollutvalet får orientering om gjennomførde statlege tilsyn av den fylkeskommunale verksemda. Tilsyn gjennomført av fylkesmannen om forvaltningskompetanse Stryn vgs var del av felles nasjonalt tilsyn i 2014. Fylkesmannen avdekkja lovbroter vedrørende generelle sakhandsamingsreglar og i forhold til enkeltvedtak om spesialundervisning og språkopplæring. Etter å ha sett i verk tiltak og meldt desse tilbake til fylkesmannen vart tilsynet avslutta i brev datert 29. juni 2015 frå fylkesmannen.

### **7.3.9 Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2014 til desisjon**

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 44/15 tilråding til fylkestinget om å ta rapporten etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2014 til etterretning.

### **7.3.10 Revisorbrev 02/2015**

Ny rutine inneber at det frå 2014 skal vere fortløpande nummerering av revisorbreva. Nummer 2/2015 betyr altså ikkje at dette er andre brevet i 2015, men at brev nr. 1 er frå 2014.

Kontrollutvalet mottok 4. mai 2015 revisorbrev 02/2015. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 22/15 å ta revisorbrevet til etterretning. I tillegg vedtok utvalet å be fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i brevet, og rapportere status på arbeidet innan 1. september 2015 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet mottok 3. september 2015 kopi av brev frå fylkesrådmannen til SF revisjon IKS med oppfølging av revisorbrevet. Revisor hadde ingen merknadar til tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen. Revisor vil i samband med revisjonen av årsrekneskapen for 2015 gjennomføre kontrollar der ein ser om oppfølginga er tilfredsstillande. Kontrollutvalet handsama brevet frå fylkesrådmannen i KU-sak 41/15. Utvalet vedtok å ta brevet til vitande, og i tillegg at oppfølginga av revisorbrev 02/2015 er fullført.

### **7.3.11 Reglement for kontrollutvalet**

Kontrollutvalet handsama reglement for eiga verksemd i KU-sak 48/15. Reglementet som fylkestinget vedtok 2011 vart oppdatert i samsvar med lovendringar og vedtak i fylkestinget om ny samansetjing av kontrollutvalet. Fylkestinget vedtok reglementet 8. desember i FT-sak 48/15.

### **7.3.12 Vurdering av uavhengigheit**

Kontrollutvalet handsama uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS og Deloitte AS i sakene 53/15 og 54/15. Utvalet tok uavhengigheitserklæringane til etterretning.

### **7.3.13 Oppfølging av utvalet sitt arbeid**

Kontrollutvalet har ei fast sak om oppfølging av utvalet sitt arbeid. I denne saka får utvalet sine medlemmer ei oversikt over utvalet sitt pågående arbeid med kontroll og tilsyn av den fylkeskommunale verksemda. Utvalet handsamar også ei sak om status på gjennomførde forvaltningsrevisjonar i løpet av året - i 2015 var dette KU-sak 18/15.

I tillegg har utvalet ei fast sak med skriv, meldingar og orienteringar. I denne saka vert skriv som er aktuelle for utvalet lagt fram. Utvalet får i tillegg orienteringar frå eksempelvis fylkesrådmann, revisor eller andre som utvalet vil ha ei eller anna form for orientering frå. Leiar i utvalet og kontrollsjef har eigne orienteringspunkt i saka.

Utvalet vedtok i KU-sak 24/15 eiga årsmelding for 2014 og sendte den til fylkestinget som orienteringssak.

## 8 Andre forhold

Kontrollutvalet vedtek eigen møte- og aktivitetsplan der aktivitetane til utvalet er tilpassa behov for tilsyn og kontroll og det budsjettet som utvalet får tildelt. I tillegg vedtek utvalet årsplan for eige utval og gje vedtak om disponering av eige budsjett. Utvalet har gjennom året innhenta opplysningar og stilt spørsmål til administrasjonen på fleire ulike område.

Arbeidet med planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er starta ved at utvalet har vedteke bestilling av overordna analyse.

Nytt kontrollutval gjennomførde første møte 3. november 2015. Fylkesrådmann var til stades på dette første møtet for å orientere om fylkeskommunen si organisering og verksemrd. Utvalet fekk i møtet informasjon om finansiell revisjon i tillegg til orientering om kontrollutvalet sine oppgåver. Utvalet vedtok at medlemmane i kontrollutvalet møter på politikardagar på like vilkår som øvrige politikarar.

## 9 Oppsummering

Kontrollutvalet legg vekt på å vere nyttige medspelarar for at fylkeskommunen skal nå sine mål. Kontrollutvalet legg også vekt på å bidra til å skape tillit til fylkeskommunen si verksemrd

Kontrollutvalet legg årsmeldinga fram for fylkestinget som rapport om utvalet sitt arbeid med tilsyn og kontroll av den fylkeskommunale verksemda.

Kontrollutvalet takker revisorar, administrasjon og politisk leiing for samarbeidet i 2015.

**Leikanger 31. mai 2016**

Frank Willy Djuvik, leiar (s)

Odd Atle Stegegjerdet, nestleiar (s)

Jorunn Ringstad (s)

Klaus Iversen (s)

Lise-May Sæle (s)

Einar Ulla, kontrollsjef (s)



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Kontrollutvalet  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [post@fj.no](mailto:post@fj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Foto framside:  
Rolf M. Sørensen